



## Notat

Dato: 29.04.2014  
Arkivsak: 2014/15824-1  
Saksbehandlar: nilgrud

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status for ferjeavløysingsprosjektet for Fjelbergøyane - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 09.04.14 stilte representanten Anne-Line Innvær (Ap) spørsmål om status for ferjeavløysingsprosjektet for Fjelbergøyane.

Kommunedelplan for Fjelbergsambandet har vore politisk handsama i Kvinnherad kommune i to omgangar. Første gang 24.09.09 og endeleg godkjent i kommunestyret 27.09.12.

#### Saksgang som førte fram til vedtak i kommunestyret

Forslag til kommunedelplan for Fjelbergsambandet med konsekvensutgreiing låg ute til offentlig høyring våren 2008. Fylkeskommunen hadde motsegn til alternativa 2D og 2E som ligg søraust i Fjelbergsundet. Fylkeskommunen hadde også motsegn til alternativ 2A, bru over Fjelbergsundet i nordvest. Men det vart opna for å fjerne motsegnet om ein kunne justere veglinja slik at det vart teke omsyn til viktige kulturminne. Kulturminnet det her er tale om er eit automatisk freda kulturminne, gravhaug frå eldre jernalder, på Krekjahaugen på Borgundøy.

Berekna byggekostnad for dei tre alternativa i 2007-kroner var: 2A-137 mill. kr, 2D-119 mill. kr og 2E-76 mill. kr.

Kommunestyret i Kvinnherad gjorde i møtet 24.09.09 vedtak om at Kvinnherad kommune skulle gå i ny dialog med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen for å «sikre at prosjektet kunne gjennomførast og tilpassast folk og næringsliv i eit større samfunnsgagneleg perspektiv».

Møtet med Hordaland fylkeskommune vart avhalden 26.01.2010. Av referatet frå møtet som låg ved som vedlegg til handsaming i formannskapet og kommunestyret i 2012 framgår det at fylkeskonservator var klar på at det ikkje var grunnlag for å gå vidare med alternativ 2E på grunn av dei mange automatisk freda kulturminna som ligg i eller ved traséen. Når det galdt alternativ 2A ville ein søkje etter løysingar som kunne føre til fjerning av motsegnet til dette alternativet.

Etter synfaring og arkeologiske registreringar sommaren 2011 av alternativ 2A, i dei delane av vegtraséen som var i konflikt med freda kulturminne og kulturmiljø, vart det utarbeidd eit justert

planforslag med ein alternativ trasé lengre nede i terrenget. Etter dette kunne fylkeskommunen oppheve motsegnet til alternativ 2A i brev av 14.12.2011. I brevet presiserte fylkeskommunen at omsynet til automatisk freda kulturminne måtte få si endelege avklaring i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

Etter opphevinga av motsegnet frå Hordaland fylkeskommune kunne Kvinnherad kommune gå vidare med sakshandsaming av kommunedelplanen for Fjelbergsambandet og endeleg godkjenne kommunedelplanen for Fjelbersambandet i kommunestyret 27.09.2012.

### **Omtale av Fjelbergsambandet i handlingsprogrammet for Regional transportplan Hordaland 2013/14-2017**

I handlingsprogrammet for Regional transportplan Hordaland 2013/14-2017, vedteke på fylkestinget 11.12.2012 står det følgjande om Fjelbergsambandet:

*«Det er utarbeidd ein kommunedelplan for å knyte saman Fjelbergøy og Borgundøy med ei Bruløysing. På grunn av av arkeologiske funn i området har den tilrådde traséen ein svært høg kostnad (137. 2007-kr) og ei motsegn frå riksantikvaren må opphevast før endeleg vedtak. Tiltaket sitt omfang og realisme med omsyn til gjennomføring må sjåast i samanheng med tilgjengelege midlar. Det vert ikkje sett som realistisk å prioritere tiltaket i perioden 2018- 2024. Tiltaket ligg på det øvrige fylkesvegnettet.»*

### **Møte med Fjelberg bygdalag**

På oppmoding frå Fjelberg bygdalag vil samferdselsavdelinga før sommaren 2014 kalle inn til eit møte med bygdalaget, Kvinnherad kommune ved ordføraren, representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga og samferdselsavdelinga.